



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 324/4 - Langeland - midlertidig lagertelt - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.10.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon knytt til oppføring av midlertidig lagertelt på gbnr 324/4 på Langeland.

Lagerteltet er opplyst til å vere om lag 157,5 kvadratmeter, 10,5 meter i bredde, og 15 meter i lengde. Lagerteltet er om lag 3,5 meter høgt.

Det føreligg eigen søknad om oppføring av nytt reiskapshus på same eigendom. Det midlertidige lagerteltet skal plasserast like ved, og parallelt med reiskapshuset som tiltakshavar allereie har søkt om. Lagerteltet skal takast ned når det nye reiskapshuset står ferdig. Grunnen lagerteltet skal stå på, må planerast før oppføring av tiltaket.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket skal plasserast på areal som er registrert som fulldyrka mark. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere under 3000 daa årleg, og dette målet skal vere nådd innan 2025. Kommunen har eit klart ansvar for å nå dette målet.

Dette er eit midlertidig tiltak. Det må vurderast om arealet, etter fjerning av tiltaket, vil få den same kvaliteten på dyrkamarka som i dag. Om kommunen vurderer at det er grunnlag for ein midlertidig dispensasjon må det stillast vilkår om tilbakeføring av arealet til fulldyrka mark.

Saka må også sjåast i samanheng med søknad om oppføring av nytt reiskapshus.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent